

Skorpetrollet - eit skjemd naturminne

26.08.2010



15.08.2010 15:50

uskedalen.no har før i sommar skrive om vandalisme mot det kjende Skorpetrollet.
Vi tok turen til Skorpo og kunne dokumentera den uverdige handlinga



Måla signatur HJD nede ved vasskanten

Skorpetrollet er ein steinkilt i ei sprekk i fjellet.

Steinen kan reknast til eit naturminne - truleg fråden siste istida då Skorpo fekk sine plastiske former med skuringsstriper og jettegryter.

I ein mannsalder har steinen vore ein attraksjon for turistar og alt farande folk på sjøen.

I tida Johannes Tveitnes dreiv båtskyss, la han turen gjennom Storsund, stoppa og fortalte om Skorpetrollet.

Jamvel guidane på større turistskip kjenner til dette kulturminne og tek det med i sin informasjon når dei passerer Gavelen.

No er Skorpetrollet skjemd med raud sprøytemåling.

Den uverdige handlinga er gjort frå båt og på land.

Nede ved sjøoverflata er godt synlege initialar forma med sprayboks.

uskedalen.no oppmodar dei som står bak dette, om å skura og vaska bort målinga.

La oss ta vare på Skorpetrollet slik det var tenkt som eit mystisk troll i fjellsprekka.

Av Kristian Olav Bringedal



15.08.2010 15:49